



Stad kommune
Kinn kommune
Vanylven kommune

Vår ref:

Sak: 21/3337 JpID: 21/20802 Sbh: ABJ

Dykkar ref.

Dato:

15.06.2021

Ringverknadar Stad Skipstunnel - Søknad om finansiering

Samandrag

Stad Skipstunnel vil bli verdas første skipstunnel for større skip, «opne opp» Vestlandet mellom Bergen/Stavanger og Ålesund/Trøndelag sjøvegen – og samtidig bli eitt av verdas mest spektakulære og nyskapande infrastrukturprosjekt dei nærste åra.

For å sikre størst mogleg nytteverdi regionalt og nasjonalt av Stad Skipstunnel når denne står ferdig i 2025/26, er det viktig å kome raskt i gang med eit samla, systematisk arbeid for å legge til rette for og realisere ringverknadar og nye moglegheiter som opnar seg som følgje av Stad Skipstunnel.

Stad, Kinn og Vanylven kommune tek difor no initiativ til å etablere eit langsiktig utviklingsprogram for å realisere ringverknadar av Stad Skipstunnel, der første fase er ein forstudiefase haust 2021/vår 2022, med ei samla økonomisk ramme på 4,5 mill NOK.

Vi vonar dei som blir invitert til å delta inn i forstudien økonomisk ser positivt på dette, og deler vårt syn på potensialet som ligg i Stad Skipstunnel. Vi vil følgje opp med direkte dialog med dei som mottok søknaden. Det er ønskjeleg å få avklart finansieringa raskast råd, seinast i løpet av august 2021.

Bakgrunn

Stortinget vedtok 11. mai 2021 bygging av Stad Skipstunnel, og samtykka til at Samferdsledepartementet kan starte opp prosjektet med ei kostnadsramme på 4 090 mill. kr og ei styringsramme på 3 450 mill. kr (inkl mva). Stad skipstunnel vil vere 1700 meter lang, 37 meter høg, ha ei breidde på 36 meter, og vil kunne gi fartøy opp til storleik med Hurtigruta tryggare seglas forbi det vêrutsette Stadhavet. Etter planane skal prosjektet lysast ut på anbod hausten 2021, byggearbeidet starte i 2022 og Stad Skipstunnel stå klar i 2025/2026.

Kystverket skal stå for utbygging av tunnelen. Kystverket har sett ned eit rådgjevande prosjektstyre med variert bakgrunn og røynsle som skal følgje opp første fase av utbyggingsprosessen, og det skal etablerast ein eigen prosjektorganisasjon. Første fase vil bestå i m a oppkjøp av eigedommar og førebuing av konkurransegrunnlaget. Sjølve utbygginga er planlagt starta opp våren 2022.

Vertskommuen for tunellen, Stad kommune, har saman med nabokommunane Kinn og Vanylven fått utarbeidd ei projektskisse som fokuserer på mogelege ringverknadar frå Stad Skipstunell og strategiar for å realisere dette, sjå vedlegg 1. Denne søknaden omhandlar mål og tilnærming til


arbeid med å realisere utviklingspotensialet som er identifisert i det innleiande arbeidet. Arbeidet må vere godt koordinert med Kystverket og deira rådgjevande prosjektstyre.

Langsiktig mål og strategiar for å realisere ringverknadane frå Stad skipstunell

Gjennom samarbeid kan Kystverket, fylkeskommunane, kommunane, kunnskapsmiljø og næringslivet bidra til store positive ringverknadar for næringsliv og lokalsamfunn på Vestlandet i samband med utbygginga av Stad Skipstunell, m.a sørge for at:

- Stad skipstunnel blir eit reiselivsikon som posisjonerer Vestlandet for norsk og internasjonal turisme
- Stad skipstunnel bidreg til trygge seilas, bind Vestlandskysten saman og lukkast med å vri gods- og passasjertrafikk frå land til sjø, og med dette redusere klimaavtrykket
- Stad skipstunnel utløyser nye moglegheiter for ny samfunns- og næringsutvikling knytt til m.a.:
 - Havrommet
 - Reiseliv og lokalsamfunn
 - Bygg & anlegg
 - Handel & service

Prosjektskissa utdjuar moglegheitene rundt utbyggingsprosjektet, samt dei 5 hovudstrategiar for å realisere ringverknadane:



Ein faseinndelt utviklingsløp for å realisere ringverknadane:

I første fase er målet å identifisere og mobilisere viktige interessentgrupper frå stat, fylkeskommunane, kommunane, kunnskapsmiljø og næringsliv som kan bidra til å realisere potensialet for lokalsamfunns-/nærings- og reisemålsutvikling. I samarbeid med interessentane må det utarbeidast ein konkret tiltaksplan for det vidare utviklingsarbeidet, samt at ein må synleggjere suksesskriterier og barrierar for å realisere desse.

Kompetanse, beslutningskraft, gjennomføringsevne og evne til å samle kommunane og lokalt næringsliv rundt felles mål, vil vere viktige føresetnader for å ta dette til neste steg. Dette vil kreve god prosjektleiing, involvering av relevante fagmiljø og eit operativt sekretariat som evnar å følgje opp, systematisere og prioritere tiltak som kan vere utløysande for dei positive ringverknadane. Effektiv og målretta kommunikasjon med visualisering av mogelege framtidsscenario vil truleg også vere viktig for å engasjere aktørar som kan bidra til utviklinga.

Denne søknaden omhandlar søknad om midlar til fase 1, forstudien, der målet er å få etablert eit prosjekt med brei samfunnsmessig og næringslivsmessig forankring, og som i utbyggingsperioden

skal jobbe målretta med å utløyse ringverknadane som er omtalt i skissa. Modellen under viser dei prosjektfasane og det overordna innhaldet i desse (detaljane i forprosjekt og hovudprosjekt vil avhenge av resultat i den første fasen).

Det er eit mål å få etablert ein prosjektorganisasjon med langsiktig finansiering som kan jobbe systematisk og målretta med å realisere ringverknadane for eit av dei mest spektakulære infrastrukturprosjekta i Norge fram til opning av tunnelen om 4-5 år.

Forstudie	Forprosjekt	Hovedprosjekt
Haust -21-vår -22	2022	2023-2025
Kartlegge, engasjere og mobilisere nøkkelinteressentar	Detaljplanlegge, konkretisere og forplikte aktørar til neste fase av utviklingsarbeidet	Gjennomføre konkrete utviklingstiltak
<p>Identifisere og mobilisere viktige interessentar frå fylka, kommunane, næringslivet og lokalsamfunn og kartlegge interesse for å bidra i utviklingsarbeidet, og korleis dei kan bidra</p> <p>Innhente kunnskapsgrunnlag som synleggjer korleis ein kan best mogeleg kan jobbe med dei definerte innsatsområda</p> <p>Visualisere mogelege utviklingsscenario som synleggjer utviklingsretning for lokalsamfunn, reisemålet, næringslivet og andre samfunnseffektar av utbygginga</p> <p>Konkretisere mål, innsatsområde, tiltak, organisering og finansiering for neste fase av utviklingsarbeidet</p>	<p>Basert på resultat i fase 1, prioritere og konkretisere korleis det skal jobbast vidare med spesifikke utviklingstiltak</p> <p>Starte utviklingsprosessane på "gryteklare" prosjekt</p> <p>Støtte til lokalt næringsliv til gjennomføring (rammevilkår, søknadsprosessar ++)</p>	<p>Gjennomføre prioriterte tiltak basert på heilskapleg strategi for utvikling av område basert på god forankring i lokale og regionale miljø</p>


Prosjektplan

Det er utarbeid ein overordna prosjektplan for første fase, som er planlagt gjennomført i perioden august 2021-våren 2022:

Hovudaktivitetar	Delaktivitetar
Prosjektleiing og prosjektkoordinering	Etablere prosjektorganisasjon
	Gjennomføre interessentkartlegging (nasjonalt, regionalt og lokalt, privat og offentleg)
	Identifisere kunnskapsbehov
	Detaljert prosjektplan
	Kommunikasjonsplan
	Søknadsprosessar (finansiering)
Etablere kunnskapsgrunnlag og forankre framtidsscenarier	Identifisere relevante kunnskapsmiljø som kan bidra med ny kunnskap retta mot prosjektets innsatsområde
	Dialog med relevante kunnskapsmiljø for å avklare korleis dei kan bidra i prosjektutvikling
	Tilbudsinnhenting og evaluering
	Gjennomføre mogelegheitsanalysar retta mot prosjektets hovudområde: Reiseliv og stadsutvikling, næringsutvikling, transport frå land til sjø, bærekraftig massehandtering
	Skildre mogelege framtidsscenario og verdikjeder med fokus på størst mogeleg samfunnsnytte
	Vurdering og prioritering av tiltak
	Dialog med miljø og interessentar som må bidra for å ta idè til handling
	Etablere intensjonsavtaler for samarbeid
	Prosjektplan for forprosjektfase
Informasjon og kommunikasjon	Presentere og visualisere mogelege framtidsscenarier for utvikling av nærområde rundt Stad skipstunnell og øvrig samfunns- og næringsutvikling
	Få på plass gode kartskisser, film, foto og presentasjonsmateriale som visualiserer tiltak og landskapsinngrep
	Innspelskonferansar (mindre workshops og 1-2 større arrangement) for presentasjon av kunnskapsgrunnlag og framtidsscenario
	Strategisk kommunikasjonsplan for neste fase (nasjonale styresmakter, politisk og administrativt miljø i fylkeskommunane, kommunane og i næringslivet)

Prosjektorganisering

Prosjektorganisasjonen er førebels presentert slik, og ein ønskjer ein dialog med relevante miljø før denne vert endeleg fastsett:



Finansieringsbehov og finansieringsplan (forstudiefase haust 21/vår 22)

Aktivitet	Kostnad eks. mva.
Prosjektsekretariat/prosjektleiing	1,500,000
Kunnskapsgrunnlag frå ekspert/forskningsmiljø/tekniske miljø	1,000,000
Visualisering og kommunikasjon (skisser, kart, design, presentasjonsmaterieill)	700,000
Kostnader til arrangement og samlingar	300,000
Ressursbruk Stad kommune	500,000
Ressursbruk Vanylven kommune	250,000
Ressursbruk Kinn kommune	250,000
SUM	4,500,000
Vestland fylkeskommune	1,500,000
Møre og Romsdal fylkeskommune	1,000,000
Stad kommune (50 % kontantinnskot, 50 % arbeidsinnsats)	500,000
Kinn kommune (50 % kontantinnskot, 50 % arbeidsinnsats)	250,000
Vanylven kommune (50 % kontantinnskot, 50 % arbeidsinnsats)	250,000
Andre bidrag (bankar/, stiftingar, næringsaktørar, regionråd etc)	1.000,000
SUM	4,500,000

På vegne av Stad, Kinn og Vanylven kommunar

Alfred Bjørlo
Ordfører Stad

Ola Teigen
Ordfører Kinn

Lena Landsverk Sande
Ordfører Vanylven

Vedlegg:

Presentasjon av prosjekt «Stad Skisptunnel - Ringverknader for samfunn og næringsliv på Vestlandet» (pdf-presentasjon)